

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 3 | November 2017 | 20. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste blad

Kjem ut i mars, og fristen for ord og biletet til bladet er 20. februar.

Bruk nettsida

Det er stor aktivitet på **markedsplassen** på www.seterkultur.no. Skulle det vera problem med å få registrert annonsar, så ta kontakt via seter@seterkultur.no.

Seterkalenderen har plass for å gjera kjent arrangement og aktivitetar på stolar rundt om - og andre arrangement med relevans til stolsdrift og seterkultur. Og **seterveilederen** har tips og råd for den som evt. ønsker å vidareutvikle eksisterande seterdrift eller starte opp att på setra.

Seterprisen 2018

Norsk seterkultur tok opp igjen utdelinga av Seterprisen i år, og vil halde fram med det. Ein jury med representantar fra Norges Bygdekvinnelag, Tine og Norsk seterkultur står for tildelinga, og dei vil gjerne ha godt begrunna forslag på kandidatar til Seterprisen 2018 innan 15. februar. Meir om Seterprisen side 12.

Styret:

Hans Bondal, leiar
hbond@online.no
Tlf. 90969518
Sollivegen 862
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa,
tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Styremedlemmer
Per Sæther
6631 Batnfjordsøra
tlf. 71 29 01 81 93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamvirket)

Tori Snerte

Torsetvegen 323,
3560 Hemsedal,
tsnerte@online.no
Tlf. 975 24 942

Varamedlemmer

Nils Drablos
Tlf 909 89 109
nils-dr@online.no
Vallavegen 31
6220 Straumgjerde

Bjørn Karsten Ulberg

3358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639

2940 Heggenes
Tlf. 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

Telofon 948 23 687/70 25 91 77
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: SveinLøken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framsida: Iselin Rustad og kyrne på Sparstadstolen i Vang i Valdres. Foto: Katharina Sparstad.

Vi må stå sammen!

Enda et år nærmer seg slutten, et år som på flere måter har vært begivenhetsrikt, på nær sagt godt og vondt. For det generelle landbruket, og særlig for de små og mellomstore brukene, de brukene som også ofte er seterbrukere, ble starten av året svært hektisk. Særleg hektisk ble det for geit-folket, etter som vårt mat – og landbruksminister rett før jul la fram regjeringens jordbruksmelding, med mye sprengstoff. Et stort arbeid ble deretter lagt ned, med stor aktivitet på mange plan. Norsk Seterkultur forsøkte å gjøre hva vi kunne, og stilte i åpen høring i næringskomiteen 19. januar, sammen med en rekke andre gode støttespillere, både mer lokale innspill, og sammen med « alle « våre organisasjoner som NB, NBS, NSG, Tine og laga for gamle kuraser. Samarbeidet ga frukter, og mesteparten av meldingen endte ganske forskjellig fra forslaget. Dette viser at står vi sammen er vi sterke.

MEN: Det er dessverre alt for få av våre seterbrukere som står som medlemmer. Dette er veldig synd, så vi håper at flere ser seg tjent med medlemskap. Det koster ikke mye for den enkelte, men det betyr mye for organisasjonen at flest mulig står bak, både økonomisk og tyngdemessig. Bruk gjerne info dere finner i bladet for innmelding, eller ta kontakt med en av oss i styret, så hjelper vi til.

I mai hadde Norsk Seterkultur sitt årsmøte, denne gangen på Brimi seter i Lom. Her var det lagt opp til et godt fagseminar, og med god deltagelse, i tillegg til en sjeldent atmosfære for ikke å snakke om sjeldent matopplevelse. Dere som IKKE var der, kan bare angre.

I 2017 tok Norsk Seterkultur også opp igjen « Seterprisen », omrent på samme premisser som da den tidligere ble utdelt av Norges Vel. Det var ikke planlagt at det skulle bli Hans og Ola på Brimi seter som skulle få denne, men når det ble slik, tror jeg de fleste oppfatter det som vel fortjent.

Norsk Seterkultur tenker også å fortsette med utdeling av seterprisen. Vi ønsker derfor innspill på kandidater, og ønsker også en begrunnelse for hvorfor kandidatene bør få den.

Vi har også fått en rapport fra NIBIO i året som har gått. For seterbruket er den ikke så lystelig lesning. Nedgangen i setrer har vært stor, og fortsetter. Det er derfor svært viktig for Norsk Seterkultur å arbeide for å opprettholde RMP- midlene minst på dagens nivå.

Som det tidligere er blitt skrevet om, har Norsk Seterkultur også gjort et arbeid med å få til en merkeordning for seterprodukter. Det har lenge blitt arbeidet med en godkjenning av « setersmør », men ting tar tid. Men, vi håper nå å snart få godkjent forskriften for setersmør. I skrivende stund ligger saken ute på høring, med høringsfrist 11 desember 2017.

Så gjenstår det bare å takke alle som har engasjert seg i året som har gått for samarbeidet, og igjen brette opp ermene og stå på. Jeg tror neppe vi blir arbeidsløse i kommende år heller. **Riktig god jul – og godt nytt år !**

Hans Bondal



Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

på Gol, Pers Hotell, søndag 11. mars 2018 kl. 09.00

Årsmøtesaker etter vedtekten.

Årsmelding og øvrige sakspapir blir lagt ut på www.seterkultur.no.

I samband med årsmøtet blir det fagsamling

laurdag 10. mars. Detaljert program for fagsamlinga blir

gjort kjent på www.seterkultur.no

Kontakt/info: ks@valdres.no / tlf. 990 09 584

Påmelding på eget skjema **innan 1. februar**.

Sjå info: www.seterkultur.no

NIBIO-rapport:

Kun ein prosent av norske setre er framleis i bruk – tradisjonell seterdrift burde stått på raudlista!

No er det så få som driv tradisjonell seterdrift at dei burde stått på raudlista, uttala Kari Stensgaard ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) da rapporten "Hvordan står det til på setra?" vart presentert i sommar. "Utryddingstruga" og "fritt fall" var ord som gjekk att i media.

Frå om lag 100 000 setre i bruk i byrjinga av 1900-talet er det i dag berre vel 900 i drift. For dei som har sitt virke i mjølkeproduksjonen og levd tett på setrene og utmarksbeita var ikkje dette overraskande. For andre var det kanskje overraskande, og god grunn til "krigsoverskrifter". Og kanskje kan den omfattande dokumentasjonen rapporten gir vera ein vekkjar!

Sentrale spørsmål

Saman med kollegaer i NIBIO har Kari Stensgaard oppsøkt og registrert nær 1 700 setre landet rundt for å få fram status for dagens seterlandskap. Sju somrar har gått med til arbeidet. Første feltsesong var i 2009. Materialet er samla i ein omfattande rapport rikt illustrert med bilete, dokumentasjon og eksempel på tilstand og bruk av stølen i dag. Korleis framstår setermiljøa? Er setrene i bruk? Blir verdiane tekne vare på? Slike spørsmål er sentrale i rapporten.

Frå utmarksbeite til innkjøpt for

Rapporten fortel om store endringar på kort tid, om seterlandskapet som speglar ei anna landbruks-utvikling, om avvikling og forfall, men også om levande stølsmiljø som held tradisjonar i hevd, ofte i samhandling med nye former for aktivitet.

Stølsdrifta handla om matauk. Det var ein måte å utnytta ressursane fullt ut. Enten fordi det var lite jordbruksareal på garden, eller for å skåne heimebøen i dei periodane da dyra kunne beite ute sjølve.

På stølen kom dyra til hektene igjen, seier Kari Stensgaard. Her fekk dei feite seg opp etter skrinne vintrar slik at dei kunne produsere mjølk nok til meir enn avkomet sitt. I dag er situasjonen ein annan. Den sterke vinterföringa, med stort innslag av innkjøpt (og importert) for har utklassa dei rike ut-



I Budalen i Midtre Gauldal i Sør-Trøndelag er det fortsatt mange som setrer. På bildene fra Hiåvollan fra henholdsvis 1943 og 2016 kan vi se at Norsk rødt fe (NRF) har tatt over for den gamle stedegne rørosku (Sitet trønder- og nordlandsfe, STN), og kanskje er det ei ku av den britiske melkerasen Jersey vi ser til høyre. Dagens kyr produserer mye mer melk enn de gamle rasene gjorde på 40-tallet, men nå har budeia melkemaskin til hjelp. De gamle gjerdene av stein og staur er erstattet med netting med strømtråd på toppen. Det har skjedd en del med bygningsmassen også, som ser ut til å være i mye bedre tilstand i 2016. Hestene i 2016 er trolig til hobbybruk. Om det var hest på bruket på 40-tallet, var de nok brukt i arbeid. Vi ser at husbonden er på besøk og at det står bil på tunet. Budeia på 40-tallet fikk nok også besøk av mannen, men neppe så ofte og så lettvis som i 2016. Med bil og mobiltelefon har dagens seterbrukere atskillig større mobilitet og mer kontakt med omverdenen enn budeiene hadde på 1940-tallet. Dersom de leverer melka til meieri og ikke forelder den selv, har de også fått en lettere arbeidsdag. For inneide budeier betyr dette fredelige dager med god pause mellom fjøstellene. Der gardkona er budeie selv, har derimot bil og meierilevering for mange medført kjøring mellom gårds og seter med oppgaver og ansvar begge steder, og dermed nokså strevsomme dager. Foto 1943 Wilhelm Magnussen © Elias Oscar Johansen, foto 2016 Oskar Puschmann.

Faksimile frå NIBIO-rapporten

marksbeita. På setra må ein no supplere med tilleggsfôr, eller akseptere ein nedgang i mjølkeproduksjon når dyra er på utebeite. Rundt 15 prosent av mjølkeprodusentane i landet sender framleis dyra til fjells. Nær 100 prosent av alle norske geit er på utmarksbeite i sesongen som gjerne varar 3 – 3,5 månader. Mange av geitbuskapane er på seter i løpet av beitetida. Rapporten omfattar 7 000 registrerte seterbrygning, og av desse er det 5 225 som framleis står. Tilstanden for desse varierer derimot sterkt frå forfall til godt vedlikehald. Resten av dei registrerte seterbrygningane er berre tufter eller ruiner som ikkje lenger er mogleg å setje i stand. Det er flest tufter og stølsruiner på Vestlandet.

Store geografiske skilnader

I 2015 var det 922 setre i aktiv drift, med stor geografiske spreiing. Oppland er det største seterfylket med 356 aktive setre. På andre og tredje plass kjem Hedmark og Sør-Trøndelag med 183 og 110 aktive setre. Buskerud følgjer like bak på fjerde plass med 88, medan Telemark berre har 25. Ser ein på kor stor del av mjølkeprodusentane i kvart fylke som sender kyrne til fjells, hamnar Buskerud på topp. Også Telemark blir trekt fram i denne samanhengen. På Vestlandet er det flest aktive setre i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med høvesvis 51 og 43 setre. Hordaland har 17, medan Rogaland ikkje lenger har nok seter i drift.

Framhald side 9

Snertestølen i Hemsedal

Stølsdrift med lånekryr og dialektleirar

Vi hadde mjølkekryr og var på stølen med dei fram til 2006, men etter opphold ein sommar, så måtte eg berre i gang att med mjølkeproduksjon på stølen.

Løysinga vart lånekryr. Har vore budeie sidan eg var 18, og det betyr veldig mykje for meg å halde stølen og stølslandskapet i hevd. Det er Tori Snerte, gardbrukar og musikar i Hemsedal, som seier dette. Tori vart vald inn i styret i Norsk seterkultur i vår og er ein "mangesyslar" av dei sjeldne.

Lånekryr

Snertestølen i den mangbølte stølsgrenda Krosstølane hører garden Snertehaugen til, ein gard som har vore i slekta sidan 1830, fortel Tori. Å slutte med mjølkeproduksjon var eit tungt val, men det hadde både praktiske og økonomiske grunnar. Løysinga for stølen vart altså lånekryr, dei første åra kyr frå fleire gardar, men no har eg kyr frå ein nabogard som driv stort, med robotmjølking. Dei fører sjølv ein del av kyrne til sin eigen støl, og så tek eg hand om 7-11 av kyrne, seier Tori. Vi har dei så på stølen 5-7 veker, det varierer litt frå år til år. Medan vi sjølve dreiv med mjølk flytta vi gjerne til stølen kring Santhans og var der ut august. Sidan midt på 1990-talet er det berre Snertestølen som har vore i drift på Krosstølane, der det før var 12-13 stølar. Det er to stølslag i nærmeste område.

leiken, så Tine-bilen kjem innom og hentar mjølka. Vi har gjerdar inne fleire stølsvollar der mjølkekryrne får beite, og på det viset blir stølsvollane haldne i hevd.

Tori fortel at dei ottast på om nye kyr, og ikkje minst kyrne frå robotfjøs, ville takle stølsfjøset med låg dør og dunkelt ljós. Men det har gått heilt greitt, skulle tru dei hadde vore der før, seier ho. I tidlegare tider gjekk dei med dyra dei 13 kilometrane til stølen, men no blir dei køyrd opp. Men heimatt går det til fots med ammekryrne, kalvane og oksen. Ho hugsar det tok tre timer å gå heimatt med mjølkekryrne. No går det unna på det halve, berre så vidt at oksen heng med!

Ammekryr

Nokre år utover frå 2006 vart det kvigeoppdrett, sidan har eg satsa på ammekryr – kring 10 i talet. Kyrne kalvar i april og oksekavane blir kastrerte, og andre sommaren beiter dei i heimemarka. Kyrne, kalvane og avlsoksen får nytte stølslivet. Buskapen er mangfaldig og består av NRF, Jersey, Angus, Galloway og Hereford, små og lette rasar. Eg har stor sans for "utavl", god blanding, slik alt er her på Snertehaugen, seier Tori og ler godt. Tori fortel om kor ulike ammekryrne og mjølkekryrne er. Ammekyrne er prega av både naturleg sexliv og morsliv, og er t.d. mykje hardare med gjerda. Har dei bestemt seg for å koma seg over eit gjerde, så legg dei seg berre på og bryt ned! Oksane blir slakta når dei er 1 ½ år. Dei blir slakta på Nortura Gol og skore ned på Hallingdal Lokalmatsenter i Rukkedalen. Så dermed kan Snertehaugen Mjølk & Musikk selje økologisk og grasføra kastratoksekjøt, med levering i månadsskiftet november/desember. Og vi les frå annonseringa på facebook følgjande om gardsdrifta:

"Økologisk drift (Debio-gokjent), skogsbeite og beite på gamle stølsvollar, vekt på dyrevelferd, aktiv stølsdrift, minimal bruk av kraftfor, kortreist mat, ammekryr som går med kalvane og avlsoksen heile sommaren – glade dyr".

Livsstil og tradisjonar

Når Snerte-folket ynskjer å halde fram med stølsdrifta så er det for å halde i hevd det flotte stølslandskapet på Krossstølane og vidareføre ei meiningsfylt driftsform og livsstil. Difor har dei gjort mykje arbeid med bygningar, gjerde og skjøtsel på vollane Snertestølen disponerer. Og Tori understrekar kor mykje hjelp ho har av far sin, kårkallen, Kjell Snerte. Eg er ikkje så interessert i foredling av mjølk og mat, meir i gamle driftsformer, slåtteteknikkar og reiskap. Kokar sjølvsagt mjølkeprøm og steller til anna stølsmat, men berre for oss sjølve. Livsform og tradisjonar har også døtrene på 17 og 15 fått del i – og dei er også aktivt med i arbeide på gard og støl.

Dialektleirar

I sommar var det dialektleir for fjerde året på Snertestølen. Det var Hemsedal Mållag som gjekk i gang med dette, for å slå eit slag for at born og ungdom skal lære den lokale dialekta. Snertestølen eignar seg bra til slikt,



Goffa Kjell held lynkurs i hesjing ved den gamle forløa.



Mjølkebilen til støls.



Snertestølen ligg fint til, med plass til både mjølkekjyr og ammekjyr.

har 24 overnatningsplassar. Det er ei kjent sak at mange unge i Hemsedal, som elles i Hallingdal, kuttar ut dialektia. Sjølvsagt ikkje all verda ein kan få til på fem dagar, men stølen utan mobiltelefon, fjernsyn og bråk er ein utruleg fin arena for språklæring. I år var det to leiarar, ein for born og ein for ungdom, båe med 15-16 deltagarar, høveleg mange – som ein skuleklasse. Stølsarbeidet, nærleiken til dyr og andre aktivitetar gjer det naturleg å bruke dialekt, og ikkje minst tykkjer dei unge det er morosamt med gamle utrykk for ting dei kjenner. Ei spennande veke der alle må snakke hemsedøl så godt dei kan, seier Tori. Og med Tori sin allsidige kompetanse innan musikk og kulturarv, så blir også dialekteleirane fylt av musikk med tilknyting til støslivet, segner og teatersport, for å nemne noko av det som skjer på stølen desse dagane.

Engasjert musikar

Tori Snerte kombinerer gardsdrifta med å vera musikklærar både i kulturskulen og grunnskulen i Hemsedal, ho er kordirigent og utøvande musikar på fløyte. Da vi hadde ein prat med ho no i november var ho i full sving med øving til ein stor konsert på Fauskholåven i Hemsedal til støtte for ”oktoberborna”. På programmet sto både Hemsedal-skoret og ei rekke einskildutøvarar.



Stølsdrift med lånekjyr

Å oppretthalde drift på stølane er avgjerande viktig for alle dei verdiane som ligg i stølslandskapet, og det er godt for både dyr og folk. Stølsdrifta med lånekjyr er ikkje noka økonomisk gullgruve, men det går i hop, det fungerer praktisk - og er eit vinn-vinn opplegg for både dei som eig kyrne og den som driv stølen. Fleire burde satse på dette. Og eg deler gjerne erfaringar med andre som kunne tenkje seg ei slik løsing, seier Tori Snerte.

Stølsdrift i Østerrike

På mange stølar i Østerrike, Italia og Sveits kjem arbeidshjelpa frå Tyskland. Mange studentar og skulelevar finn fram til stølane via nettsida zalp.ch, og mange østerrikarar fortel at dei er glade for at desse "stølsbegeistra" tyskarane hjelper til med å halde oppe seterdrifta og formidle stølksulturen vidare. Det er Anna Bischoping, sjølv frå Tyskland, som fortel dette.

Saman med søstra Sophia har ho arbeidd tre somrar på gard og seter på Sunnmøre, med stell av geit, foredling av mjølk og guiding av turistar. I fjor dro dei til Gailtal i Østerrike siste helvta av sommaren, og sameleis no sist sommar. Og så vidt vi veit har dei der funne seg kvar sin "stølar", og kan såleis vera med å sikre framtidia for stølsdrifta i Gailtal!

Bratt skogsveg til stølen

Til Straniger Alm fører ein tolv kilometer svingut skogsveg, forbi fjellgardar og verna elvar og våtmarkområde. Fleire stader på veggen er det flott utsikt over Gailtal. For dyra er den lange og bratte vegen krevjande, men alt blir letterare for både dyr og folk når ein endeleg får auge på seterhusa. Turen opp gjennom skogane byr på forfriskande lukt frå fuktig og frodig skogbotn, fortel Anna.



Anna Bischoping til høgre saman med søstra Sophia.

Husa er delvis bygd i stein, og er store sidan dei skal hyse både ein stor buskap og mange arbeidsfolk.

Mangfaldig drift

Denne sommaren besto buskapen av 50 mjølkekyr, 117 ungdyr og 21 geit, det vil seie eigentleg 22 geit, for det vart fødd ein killing i løpet av sommaren, fortel Anna. I september skapte forresten geitene ein del bry, fortel ho – det vart "endelaus leiting" da geitene tydelegvis ynskte ferie (Urlaub)

i lag med nokre italienske bukkar! Men med gps-halsklave vart det lettare å finne dei! - Setra byr på overnatting og servering for gjestar, mest fjellvandrarar, så i alt var det ni personar som arbeidde på setra denne sommaren.

Forpaktar

Tradisjonelt er stølane i området Gailtal og Karmiche Alpen elles familiedrevne. Men på Straniger Alm er det for forpaktar, Klaus Kanzian er "Pächter und Senner" – forpaktar



Kyrne på veg inn til mjølking.



Die Almhütte



Stølen ligg nær grensa til Italia.

og ”stølar”. Han driv setra med mjølkeproduksjon og foredling og i tillegg gjestehus, og har tilsett interessert og arbeidsviljig hjel, og i tillegg praktikantar og av og til frivillige ”Wwoofere”. Det meste av denne sommaren har mannskapet i tillegg til forpaktaren bestått av to arbeidarar i gjestgiveriet frå ”bayericher Wald”, ein mjølkar og ungdyrgjetar, to hjelpebudeier og 2-3 praktikantar frå dalen (Oberösterreich).

Mange produkt

Anna fortel at mange stølar blir drevne slik, eigarskapet er gjerne organisert som samvirke og så blir dei drevne av forpaktarar, gjerne med nye driftskonsept for å få det til å gå økonomisk. Heldigvis er det ikkje slutt på at bøndene sender døtre og søner

til arbeid på stølane, og Klaus Kanzian er glad for at han på denne måten kan gi dei innsyn i arbeidet på ein støl og sin eigen kulturelle arv. Kor mange av dagens unge får førstehandsopplevingar av korleis morgonmjølka blir til ost, mysa til ricotta, her kalla ”Schotten”, og fløyten blir til smør?

- Frå Straniger Alm kjem ikkje berre den EU-beskytta Gailtaler Almenkäse, ein type fast ost basert på innblanding av litt geitmjølk som modnar i naturleg skorpe, men også bl.a. Topfen, smør, kjernemjølk og yoghurt. Produkta blir servert gjestane, der Klaus Kanet har hovudansvaret. I alt blir det produsert fem og eit halvt tusen tonn ost i sesongen. Bøndene, eigarane av kyrne og geitene, får 40 prosent avosten, resten skal gi stølsdrivaren betaling.

Viktig kultur treng støtte

Anna fortel om mange positive tilbakemeldingar frå dei som besøker stølen, og det blir gitt ein god del støtte til fjell-landbruk og stølsdrift i Østerrike. Men i ein del ”bundesländer” blir det slett ikkje honorert nok, seier ho. Ho legg til at dei som driv ein slik støl som Straniger Alm sørger for å oppretthalde ein kultur og eit kretslopp som kjem både folk og fe til gode: kyr og geit beiter på fjellbeita og nyttar gras og urter, dei blir mjølka og mjølka blir føredla, fjøsa blir tömt for møkk og reingjort, gjødsla spreidd på engene, lanskapet halde i hevd. Eit veldig meiningsfylt samspel, slår Anna Bischoping fast.

I sommar var det femte året Stølveko i Øystre Slidre vart arrangert. Årets Stølveko vart fort fulltegna, og det vart oppretta venteliste for dei som hadde meldt seg på for sein. Opplegget baud på besøk og aktivitetar på fleire stølar, klatring, fisking, orientering og førstehjelpskurs, og full rulle frå tidleg morgon til sein kveld. Dei to siste overnattat gjengen i telt eller lavvo.

Nok ein gong gode tilbakemeldingar på stølsopplevingane. Tilbodet er for born i 4. til 7. klasse. Somme har knapt vore på ein støl før, og det å koma så tett innpå dyr og natur er stort. Veka er med på å introdusere eller utvide begrepet stølsliv til ei aldersgruppe som er skikkeleg nysgjerige og engasjerte.

Om andre vil introdusere liknande tilbod, så er det sikkert gode råd å få frå dei i Øystre Slidre som har organisert og gjennomført Stølveko no i fem år.

Liv Vingdal, folkehelsekoordinator i Øystre Slidre kommune, er prosjektansvarleg for Stølveko.

Stølveko i Øystre Slidre



Dei unge finn interesse i arbeidet på stølen og kos med kyrne.



Gun Kjølhaug på Romsdalssetra.

Av Gunn Jorunn Sørum,
Norges Bygdekvinnelag

Veien innover Norges lengste seterdal; Einunndalen, er omkranset av irrgrønne dalsider. Denne julimorgenen ligger de i en skarp kontrast til toppene som har fått et mykt dekke av nysnø i løpet av natta.

Dette er seterlandet, budeienes rike – hvor mattradisjoner og landskap er forvaltet av kvinner gjennom generasjoner, og hvor vi i dag skal lære å lage skikkelig seterkost.

200 år gammel steinfjøs

Det er nærmest en underdrivelse å si at vi skal lage mat «fra bunnen av». Aller først må råvarene på plass, og derfor starter vi dagen i det nesten 200 år gamle steinfjøset på Romsdalssetra, hvor Gun Kjølhaug gjør klar til mjølking av de fem kyrne som er med i sommer. Gun kom hit første gang som budeie i 1974, og siden har hver sommer vært viet til seterlivet.

- Det gjør godt for dyra å gå fritt i skogen om dagen, og ute hele døgnet. Vi får utnytta utmarka og det næringsrike fjellbeite. Det gir god kvalitet på mjølka, som igjen gir gode produkter, forteller Gun.

For ei erfaren budeie går fjøsstallet unna. Snart ser vi fem sett med solfaktormurte spener legge kurset mot frodig fjellbeite sammen med resten av dyra.

Eksklusiv seteropplevelse

Det er få kyr forut for å få «feriere» til seters i dag. Bare 900 setre er fortsatt i drift. Seteropplevelsen blir stadig sjeldnere, så det er ikke rart at besøkende i tusentall kommer til Romsdalssetra hver sommer. I mer enn ti år har nemlig Gun og kollega Hilde Tuvan laget og servert seterkost, og slik stått for et verdifullt bidrag til bringe tradisjonene videre.

Og tradisjonene går langt tilbake. Ole Olsen Romsdal fra Romsdal bygde opp og drev gård på stedet på 1700-tallet. Senere ble den delt opp, og i dag er det tre setre som utgjør Romsdalssetra. Gun er gift med femte generasjon på én av dem; Kjølhaugsetra.

- Møtet med fornøyde og blide turister som er glad for å få eta seterkost og oppleve ei seter i drift, motiverer meg til å holde på med seterkafeen, forteller Gun.

Kulturen videreføres

Den historiske anvendelsen av mjølka på norske setre er mangfoldig og vitner om stor kreativitet og respekt for mjølkeråvaren. Dette lever videre i beste velgående på Romsdalssetra.

Gun tilsetter osteløype i noe av den kvarme mjølka. Dette koker vi den lokale retten soingraut av, i ei stor ystegryte på vedfyrt ovn inne i seterstua. Resten av melka separeres til fløte og skummet melk. Gårsdagens melk har stått til syrning over natta, og nå videreføres syrningskulturen til dagens portjon: litt rømme i fløten og litt surmelk i den skumma melka. Av syrnet melk koker vi skjørrost og av eldre skjørrost lager vi kokost. Slik brukes råvaren fullt ut.

Norsk tradisjonsmat 2017

I mer enn 70 år har Norges Bygdekvinnelag jobbet for å fremme norske mattradisjoner. Nå har organisasjonen tatt engasjementet ett skritt videre med prosjektet "Norsk tradisjonsmat 2017", og de har opprettet nettsidene www.norsktradisjonsmat.no. Med støtte fra Sparebankstiftelsen DNB har Bygdekvinnelaget samlet over 500 gamle oppskrifter fra hele landet, i tillegg til artikler og videoer om norske mattradisjoner, på nett. Gunn Jorunn Sørum er prosjektleader. Besøket hos Gun Kjølhaug på Romsdalssetra/Kjølhaugsetra i Einunndalen er en del av prosjektet. En video fra besøket er publisert på facebook.

- Jeg trives kjempegodt med arbeidet på setra, det er en avveksling fra hverdagen ellers i året. Her er det fritt og godt, sjøl om det er mye jobb. Vi vil gjerne bidra til at flere får anledning til å oppleve en gammel tradisjon som er verdt å ta vare på, sier Gun, når vi har satt oss ned i seterstua for å smake på resultatet av dagens arbeid.

Og tradisjonene er så absolutt verdt å bevare. Når man nyter rene, rike smaker av skikkelig seterkost med utsikt mot et unikt seterlandskap får man dyp respekt for alt som ligger bak: hardt arbeid og kunnskap som har blitt overført fra budeie til budeie gjennom generasjoner. Dette er kulturarv, og takket være Gun og hennes engasjement lever historie og matkultur videre i steinfjøs og ystegryte på Romsdalssetra.

- tradisjonell seterdrift burde stått på raudlista!

Rekreasjon overtar for produksjon

Bruken av setrene endrar seg i takt med tida. Samfunnsutvikling og avvikling går hand i hand. Svært mange stolar er nedlagde. Dei som framleis er i bruk, blir brukt på nye måtar: -hytter overtar for seterhus, og rekreasjon erstattar produksjon. - Fritidsbruk utgjer i dag nær 60 prosent av aktiviteten på setrene. Solcellepanel og terrassar kjem til, mjølkeplassar og lør forsvinn ut. Gjennom denne nye hyttebruken, blir seterbue, eller sela, som mange seier, haldne ved like. Driftsbygningane mister sin funksjon, og med det følger manglande vedlikehald. Både bilete og tal fortel om lør, fjøs og ystehus i sterkt forfall. Ofte er dei fjerna frå setrene.

Landskap og kunnskap går tapt

Stensgaard, som har leia arbeidet med å dokumentere status for seterlandskapet, understrekar at det har vore store endringer i støslivet på kort tid, men ho er ikkje overraska. - Dette er som venta i lys av strukturendringane som har skjedd i norsk landbruk gjennom mange år, seier ho. Stølane har mista den opphavlege funksjonen dei hadde. Konsekvensen av dette er ein bygningsmasse som forfall eller blir endra, seterlandskap som gror att og tradisjonskunnskap som går tapt, seier Stensgaard, som sjølv har 15 års erfaring som budeie.

- Treng tiltak og eldsjeler

Sjølv om det finst ulike tiltak for å ta vare på norsk seterdrift, er seteforskaren Kari Stensgaard likevel uroleg for kulturlandska-



Kari Stensgaard.

pet og kulturarven som støslivet representerer. Ho meiner det trengst fleire eldsjeler og treffsikre ordningar. – Om vi ikkje skal miste kulturlandskap og kunnskap som er overført gjennom generasjonar, trengst det eldsjeler og målretta tiltak Stensgaard viser mellom anna til at den siste landbruksmeldinga tek til orde for å ta vare på og vidareutvikla særpreget i norsk jordbruks og kvaliteten på norskproduserte råvarer. Auka bruk av utmarksbeite er også nemnt i meldinga. Dette er målsetjingar ho meiner bør takast med når støtte til seterdrift skal vurderast. I tillegg bør det leggjast vekt på verdiar for opplevingar og fritidsbruk.

Kjelde NIBIO



Noen bruk har skapt en tilleggsnæringsut av ysting på setra. 54 enkeltsetre og 7 fellessetre mottok tilskudd til foredling på setra i 2015. Slik virksomhet foregår etter strenge retningslinjer og i nært samarbeid med Mattilsynet. Her lager Anny Fodnes kvit kyrost på Strandmo stølsysteri. Foto OSP, Nord Aurdal i Oppland.

Fakta

Raudlista = ei samanstilling av vurderingar av risiko for å døy ut eller forsvinne for ulike artar eller naturtypar. Risiko fra Norge. (Store norske leksikon)

